

ÅRSPLAN 2022/23

JØSENFJORDEN BARNEHAGE



Trygt og Godt Barnehagemiljø

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Inkluderande miljø for Omsorg, Leik, Læring og Danning



Jøsenfjorden barnehage
Haugavegen 14
4134 JØSENFJORDEN
Telefon:
Barnehagen: 40439233
Styrar: 40439231



Det beste for barnet – Respekt, Omsorg og Tryggleik

Innleiing:

Årsplanen til barnehagen er utarbeida i tråd med barnehagelova 2005/2006 og Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver 2017.

Årsplanen skal visa korleis vi arbeidar med omsorg, leik, læring og danning og korleis vi arbeidar for at borna skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Den skal og synleggjera korleis medverknaden frå barn og foreldre vert teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis vi vurderer det pedagogiske arbeidet vårt. Det skal koma fram korleis vi arbeidar med tilvenjing av nye born og sikrar samarbeid og samanheng med skulen.

Organisasjonsstruktur:

Barnehagen er ein kommunal barnehage, Hjelmeland kommune er Jøsenfjorden barnehage sin barnehageeigar.

Rannveig Ueland Terøy, einingsleiar i Fister barnehage har Økonomiansvar og det overordna personalansvaret for Jøsenfjorden barnehage.

Styrar i barnehagen har ansvar for det daglege arbeidet og drifta av barnehagen. Sjå til at det vert valt representantar til barnehagen sitt samarbeidsutval og at det vert kalla inn til møter. Har og ansvar for å skaffa vikarar med meir.

Samarbeidsutvalet skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, sånn at kvar gruppe er likt representert.

SU består av:

Personalets representantar:

Svanhild Stangeland

Anita Hjorteland Viken

Foreldrerepresentantar:

Birgitte Selvikvåg Østerhus(leiar)

Anne Marie N. Hjorteland



HMS

Alle barnehagar skal i fylgje barnehagelova, kommunens vedtekter og arbeidsmiljølova ha eit HMS system for å ivareta barn og personale si helse, miljø og sikkerheit.

Kort fortald inneber dette prosedyrar på ulike typar hendingar som for eksempel, ulykker, at barn forsvinn eller brann. Prosedyrar inneheld både førebygging, risikoanalysar og beredskapsplanar.

For ulike hendingar føreligg eit system for avviksmeldingar, registreringar og oppfølging. Det er kommunen sitt Kvalitetssystem.

Verneombod i barnehagen er Sara-Malèn Nilsen og HMS ansvarleg er Styrar.

Om barnehagen:

Jøsenfjorden barnehage ligg i naturskjønne område i bygda Jøsenfjorden. I august 2012 blei barnehagen flytta til skulebygget som då vart bygd om til barnehagebruk. Vi har eit stort uteområde som barna kan boltra seg på.

Dette barnehageåret har vi 9 barn i alderen 2-5 år, som utgjer 10 plassar.

Barnehagen blei Miljøfyrtårn- sertifisert i mai 2022-2025

Personal:

Anita Hjorteland Viken - Styrer(40 %) og pedagogisk leiar(60 %)

Svanhild Stangeland – Barn og ungdomsarbeidar 100 %

Sara-Malèn Nilsen – Konstituert pedagogisk leiar i 80%

Hanne Gerd Skjølingstad – Assistent 100 %


Samarbeidspartnerar:

- **PPT – Midt Ryfylke.** Vi har egne rutinar for korleis vi tek kontakt, og samarbeidar med PPT. all kontakt med PPT blir fyrst drøfta med foreldra, og samarbeidet blir mellom foreldra, barnehagen og PPT.
- **Helsesjukepleier.** Det vert ikkje 4 års-kontrollar i barnehagen lengre, på grunn av nye retningsliner for kontrollane. Men helsesjukepleier kjem på besøk nokre gongar i løpet av barnehageåret. Det vil stå i årshjulet
- **Fysioterapeut.** Vi tek kontakt i samarbeid med foreldra, eller fysioterapeut tek kontakt for å samarbeida med barnehagen.
- **Barnevern.** Også her er det rutinar, men blir drøfta med foreldra fyrst. Dersom ønskeleg, har vi ansvarsgrupper kor foreldra, barnehagen og barnevernet deltek.



Barnehagane i Hjelmeland

Det beste for barnet



Illustrasjon: Judith Bergøy

FELLES VISJON:

«DET BESTE FOR BARNET»

Alle tilsette i alle barnehagane i Hjelmeland kommune har fokus på «det beste for barnet». Me ønskjer å gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira egne føresetnader og utvikling.

FELLES VERDIAR:

Vår visjon og våre verdier er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, foreldre og medarbeidarar. Barnehagane sine felles verdier er «**Respekt, Omsorg og Tryggleik**» = **ROT**.

Me vil gje barna «røter»;

- gjere dei trygge på seg sjølv og i samspel med andre
- vere med å gje eit positivt grunnlag for danning og utvikling

RESPEKT: Ein skal lære å sjå både seg sjølv og andre som verdifulle menneske, og å vere tolerant. I respekt legg ein både sjølvrespekt, det å verdsetje seg sjølv, og å vise respekt for andre. Me skal respektere at me er ulike, og verdsetje det i ord og handling. Barn si medverknad er viktig. Kvart einskild barn skal bli tatt på alvor og verte lytta til.

OMSORG: Barna skal verte møtt med nærleik, kjærleik, varme og merksemd! Dei vaksne i barnehagen er trygge, tydelege og kompetente vaksne. Utvikling og ivaretaking av gode relasjonar er viktig, både mellom vaksen og barn, mellom barna og mellom dei vaksne.

TRYGGLEIK: Barnehagen skal vere ein god og trygg stad å vere! Barna skal verte trygge både på seg sjølv og i samspel med andre.

Gjennom desse felles verdiane «Respekt, Omsorg og Tryggleik» vil me sjå og møte kvart einskild barn der det er, for barnet sitt beste! I tillegg skal humor, glede, leikelyst, læring og engasjement fylle kvardagen i barnehagen. Dette vil vere av betydning både for barnet si sjølvkjensle, psykiske helse og for førebygging av mobbing. Tidleg innsats er viktig, og åra i barnehagen legg grunnlaget vidare! 😊



Barnehagens satsingsområde:

Det overordna satsingsområde i Hjelmelands barnehagen er: «Trygt og godt barnehagemiljø», med fokus på mellom anna leik og sosial kompetanse, som og er eit av satsingsområda i Regional kompetanse ordning(Rekomp)

1: Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning.

- *Inkluderande fellesskap, vennskap og sosial kompetanse(relasjonar, trivsel, samspel).*
- *Leiken si betydning (for m.a sosial kompetanse, språkkompetanse, inkluderande miljø)*

2: Barnehagen som pedagogisk verksemd.

- *Leiing av utviklings- og endringsprosessar*
- *Kollektive refleksjons- og læringsprosessar(barnehagebasert kompetanseutvikling)*
- *Barnehagen som lærande organisasjon*

Korleis vil vi arbeide med satsingsområdet «Trygt og godt barnehagemiljø» opp mot barna?

- **Vi vil fremme eit trygt og godt barnehagemiljø.**
Born skal oppleve barnehagen vår som ein trygg plass. Kjenne alle dei vaksne og ha gode relasjonar med både vaksne og born. Dei skal oppleve å bli sett og høyrte kvar dag, og me skal saman meistra utfordringar som me møter i kvardagen. Hjelpa kvarandre både vaksne/born, born/born.
- **Vi vil førebygge mobbing og anna krenkande åtferd.**
 - Vi snakkar dagleg om det å ha respekt ovanfor kvarandre.
 - Vi samarbeider med heimen når det er born som treng ekstra støtte i korleis ein møter og leikar saman med barn og vaksne. At born opplever at ein tar dei på alvor, hjelper dei og gjer dei ei forståing av at ulik oppførsel og kommunikasjon kan være sårande og vond for andre.
 - Skapa gode relasjonar mellom born og gje dei ein arena der dei kan få uttrykke seg både språkleg og gjennom leik.
 - Samarbeid, fellesskap, kommunikasjon, er viktige stikkord å ha fokus på.
 - Vaksne må vera der borna er, og observera og lytte til borns kommunikasjon og handlingar. Ein må vera tydelege vaksne som går inn og gjer born oppmerksom på at handlingar eller kommunikasjon ikkje er grei. Kvifor det ikkje er greitt og korleis ein kunne handtert situasjonen annleis. Slik at det ikkje vert mobbing eller krenking.
 - Tema på foreldremøte, personalmøte og som tema i samlingstundar.



- **Handtere mobbing og anna krenkande åtferd.**
 - Observasjon over tid. Kartlegging av åtferd og mobbing.
 - Samtalar med born og føresette, born/born, vaksne/vaksne.
 - Samarbeid mellom personale og føresette, der ein går gjennom kartlegging og legg plan saman for korleis ein best kan handtera og hjelpe born til å endre åtferd og mobbing.
 - Søke hjelp frå eksterne instansar, viss me ikkje opplev at våre tiltak gjev resultat.
- **Hovud tema for i år er: Være saman og Bravo – leiken**
 - Være Saman stimulerer til refleksjon og en filosofisk innstilling til temaene som berørar, slik at gode holdningar utvikles hos både vaksne og barn. «Løveloven» gjer ein tydelig og forpliktende ramme for korleis barn og vaksne skal ha det saman.



Bravo – leiken

Bravo-leiken er ein leik som stimulerar barns språkutvikling gjennom å utforske lyder, bokstaver og ord i kombinasjon med sanseerfaringar og fysisk aktivitet.

Bravo-leiken er utviklet for barn fra 1 år. Barn med forsinket språkutvikling viser særleg godt utbytte av den systematiske stimuleringa Bravo-leiken gjer.



Arbeidsmåttane til barnehagen

Arbeidsmåttane skal ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Arbeidsmåttane kan bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon og gir rom for å tilføre nye erfaringar og opplevingar i barnehagen (*Rammeplan for barnehagen 01.08.2017 s.43*).

For å ivareta arbeidsmåttane skal personalet:

Ta utgangspunkt i barne sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen og ved val og gjennomføring av tema og prosjekt.

Stimulere barnas undring og evne til å stille spørsmål, søkje opplevingar, ta initiativ og meistre nye ting (*Rammeplan for barnehagen 01.08.2017 s.43*).

Dei 7 fagområda og Progresjonsplan

Vi har laga ei oversikt over barnehagen sine fagområde, og korleis vi arbeidar med dei. Dette er dei fagområda som Rammeplan for barnehagen forpliktar oss til å arbeide med. Vi har og prøvd å vise ein progresjon der dei yngste startar på trinn 1. Kva tid eit barn går frå eit trinn til eit anna, vil variere frå barn til barn.

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

MÅL FOR ARBEIDET:	TILTAK:
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none">• Vi er saman med barna på golvet• Vi tolkar, lyttar og ser barnas signal og kroppsspråk• Vi bekreftar, benevnar og gjentek ord• Vi set ord på ting og situasjonar.• Vi legg vekt på å ha eit språkstimulerande miljø i alle kvardagssituasjonar• Byrjande rolleleik• Vi introduserar enkle omgrep som beskriv kjensler	<ul style="list-style-type: none">• Bruk av enkle rim, regler og songar• Bruke Bravo-leken• Biletbøker og bøker med lite tekst• Bruk av konkreter i fortellingar
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none">• Vi knyter det munnlege og skriftlege språket saman• Vi legg til rette for leik med ord• Vi legg til rette for leik med lydar og bokstavar, munnleg og skriftleg• Vi gjer skriftspråket synleg i det fysiske miljøet• Munnleg formidling av forteljingar	<ul style="list-style-type: none">• Bruke byrjande tekstskaping• Setja tekst på teikningar• Oppmuntrar barnet til å skrive namnet sitt sjølv «hermeskrive»• Oppfordre til teikning og leike skrivning• Rim, regler og songar





<ul style="list-style-type: none"> • Vi er bevisste på at barna har språkstimulerande materiell tilgjengeleg • Vi legg til rette for, og deltek i barnas rolleleik • Vi er gode samtalepartnarar i kvardagssituasjonar • Vi snakkar om kjensler og omgrep knyta til dette 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke biletbøker med noko tekst • Bruke spel • La barna dramatisera, syngja og fortelja • Bruk av Bravo-leken • Bruk av humor, tull og tøys
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> • Vera støttande og undrande saman med barna i forhold til lesing og leik med bokstavar • Vi gjer skulestartarane ekstra utfordringar med tanke på språkforståing • Vi legg til rette for samtalar med utvida fokus på det mellommenneskelege 	<ul style="list-style-type: none"> • Gje rom for rolleleik • Oppfordrar barna til å skrive namnet sitt og gå på jakt etter bokstavlydar • Leike skriving og avskriving • Høgtlesing • Tekstskaping • Vitsar og gåter • Leik med språk • Bruk av Bravo-leken

MENGD, ROM OG FORM:

MÅL FOR ARBEIDET:	TILTAK:
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi støttar opp om barnet si byrjande matematiske utvikling • Vi tek utgangspunkt i barnet og barnet si oppleving av seg sjølv og omgivelsane sine • Vi er bevisste på bruk av omgrep og introduserar barna for enkle mengdeuttrykk 	<ul style="list-style-type: none"> • Leik med tal • Telje fingrar, tær, barn osv. • Knytte teljing og omgrep til kjente konkretar • Leik med former som for eksempel puttekassar, puslespel..
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi snakkar med barna om likskap, ulikskap, storleik og former • Vi støtter barnas utforskingsglede og nysgjerrigheit • Vi introduserar omgrep knyta til måling og mengde • Vi har utfordrande leikemateriell tilgjengeleg • Vi brukar naturen til å undre oss saman med barna om samanheng og ulikskap. 	<ul style="list-style-type: none"> • Leik med former • Måling, veging og eksperimentering • Konstruksjonsleik • Spel med fokus på tal, teljing og matematiske omgrep.



Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for meir avansert eksperimentering med former, system, mønster og mengde • Vi legg til rette for aktivitetar som styrkar og utviklar barnas forståing av samanhengen mellom tal og mengde 	<ul style="list-style-type: none"> • Introdusere det «å legge til og trekkja frå» • Vidareføra tiltaka i trinn 1 og 2

KROPP, RØRSLER, MAT OG HELSE:

MÅL FOR ARBEIDET:	TILTAK:
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for å gje barna gode motoriske ferdigheter • Vi organiserar dagen slik at det blir ein god veksling mellom aktivitet og ro • Vi har fokus på sunn mat 	<ul style="list-style-type: none"> • Eit fysisk miljø med god plass til å utfalde seg • Uteleik • Gå/leik i ulent terreng • Sove ute • Gode rutinar i stellesituasjonane • Gode måltid der dei vaksne sit saman med barna
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for å styrke og utvikle motoriske ferdigheter • Vi bruker uteområdet • Vi bruker naturen rundt barnehagen • Vi har fokus på hyggelege måltid med sunt kosthald og varierte smaksopplevingar • Vi har fokus på reinslegheit og hygiene. • Vi legg til rette for sjølvstende trening 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av gymsal • Turar i nærmiljøet • Leggje til rette for motorisk aktivitetar ute, eks. regelleikar, sykling, balanse og klatring • Finmotorisk trening: teikne, klyppe. • Håndvask • Toalettrening • Snakke om hygiene • Gode måltid
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi tilrettelegg for å styrke og vidareutvikle motoriske ferdigheter • Barna kler på og av seg sjølv. 	<ul style="list-style-type: none"> • Lengre turar • Barna får i større grad bruke verktøy • Fokus på finmotorikk som blyantgrep og klypping • Kaste og ta imot ball



**KUNST, KULTUR OG KREATIVITET:**

MÅL FOR ARBEIDET:	TILTAK:
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none">• Bruke song, dans, musikk og rytme.• Vi introduserer ulike formingsaktivitetar for barna• Fokus på prosessen, ikkje resultat	<ul style="list-style-type: none">• Fingermaling, maling, plastelina, Teikning, liming..• Song• Rytmeinstrument• Hermeleik
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none">• Legge til rette for at barna får prøve ut ulike formingsteknikkar og aktivitetar• Vi møter barna på det dei er interesserte i• Anerkjenne skapargleda deira• Vi presenterer ulike kulturuttrykk for barna• La barna oppleve glede ved song, musikk og bevegelse	<ul style="list-style-type: none">• Barna får male, klyppe, lime, teikne, farge, modellere mm.• Barna lagar utstillingar• Stimulere til rolleleik og dramatisering• Møte barna på deira musikkynskjer
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none">• Vi gir barna trygge rammer slik at dei kan uttrykke seg kreativt aleine eller i gruppe.	<ul style="list-style-type: none">• Lage forteljingar, vitsar og gåter• Tilretteleggjar for meir langsiktige kreative prosessar





NÆRMILJØ OG SAMFUNN:

MÅL FOR ARBEIDET:	TILTAK:
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none">• At barna skal erfare at dei får medverke i eigen kvardag• Barna skal få utforske nærmiljøet sitt	<ul style="list-style-type: none">• Personalet lyttar til barna, både kroppsspråk og verbalt språk), og handlar etter det• Øve på å vente på tur• Turar i barnehagen sitt nærområde
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal lære å ferdast trygt. (trafikk)• Bli kjent med bygda si• Barna skal få medbestemming på sin eigen kvardag	<ul style="list-style-type: none">• Turar til matbutikk, turplassar mm• La barna få fleire val. La dei erfare konsekvensar av vala dei har gjort• La barna erfare at eit fleirtal kan overprøve den einskilde sine ynskjer
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none">• Besøk til arbeidsplassar i nærmiljøet.• Presenter nasjonale og lokale styringsordningar og kva eit demokrati er• Få kjennskap til at samane er Noregs urfolk, og lære litt om samisk kultur	<ul style="list-style-type: none">• Introdusere kva ein ordførar, statsministar og konge er• Snakke om lovar, og lage egne reglar/lovar for barnehagen



ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI:

MÅL FOR ARBEIDET:	TILTAK:
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi har kunnskap om det einaskilde barn sin religion og kulturelle bakgrunn • Vi er gode rollemodellar • Vi hjelper barna å identifisere eigne og andre sine følelsar • Vi har respekt for barnet 	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre god dialog med føresette • Markere kristne høgtider med konkretar og songar • Personalet skal vera saman med barna der dei er • «Være saman»
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi skaper tid og rom for samtale • Vi er støttespelarar og aktive medhjelparar i konfliktløysing • Vi er tydelege på samfunnet sine normer. Kva som er rett og galt • Vi har nulltoleranse for mobbing og utestenging 	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på den gode samtalen • Undring saman med barnet. • Markere høgtider og merkedagar • «Være saman» programmet
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi er rollemodellar når det gjeld toleranse og respekt. • Vi stimulerar til refleksjon kring vennskap. 	<ul style="list-style-type: none"> • Refleksjon over eigne handlingar og handlingsalternativ. Gje barna språklege verktøy • Barna skal få hjelp til å setja seg inn i andre sin situasjon




NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI:

MÅL FOR ARBEIDET:	TILTAK:
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> • La barna utforske uteområdet • La barna få vera ute kvar dag • Turar i nærmiljøet 	<ul style="list-style-type: none"> • Gå tur til butikken • Gå tur til miljøstasjonen • Fylgje med årstidene: blomar, bær, grønsaker, is, snø...
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> • Lære barna å bli miljøbevisste • Lære navn på vanlege blomar/planter • Lære navn på insekt og dyr • Bli kjent med digitale verktøy • La barna få oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover 	<ul style="list-style-type: none"> • Plukke søppel • Sortere søppel • Bruk av faktabøker og internett for å finne ut av ting. • Lære barna å ta vare på ting. • Reparera, i staden for å kjøpe nytt • La barna få bruke ipad • Filmar • Fysikkeksperiment saman med barna • Reflektere over samanhengar i naturen
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> • Vidareføre trinn 1 og 2. • La barna få kjennskap til livssyklusen til mennesket 	



Formålet med og innhaldet i barnehagen



Omsorg forutset både mental og kroppsleg tilstedeværelse. Omgrepet omsorg påpeikast som kjernen i eit barns vidare utvikling. Vi skal ikkje berre møte barn på dei fysiske behova, men og sjå det og læra det å kjenna via dei psykiske behova. For kva er eigentleg omsorg om ein berre hadde forhalda seg til dei fysiske behova? Då vert barn betrakta meir som ein gjenstand enn eit sjølvstendig individ som har fleire behov enn berre det kroppslege.

Korleis vi vil jobba med leik, læring, omsorg, danning og sosial kompetanse

Leik

Leiken pregar barnehagens kvardag og store delar av dagen vert sett av til valfri leik. Leik og læring går hand i hand. Leiken er ein viktig del av barnas utvikling. Gjennom leiken lærar barna blant anna språk, fantasi, å beherske sin eigen kropp, å samarbeida, vente på tur, sosial kompetanse, ta omsyn og forskjellen på rett og galt. For å sikre at leiken vert god og gir den læringa vi ønskjer, vil vi planleggje dagane slik at det vert ein god balanse mellom frileik og styrte aktivitetar. Vi vaksne deltar i leiken på barnas premisser og er samtidig lydhøyre for at dei og treng tid til å leike utan vaksne støtte/aleine. Vi vil stimulera til leik gjennom idear og hjelp til å komma i gong med leik ut i frå barnas interesser.



Læring

Barn lærer mykje gjennom leik, men vi vil også leggje til rette for læring gjennom meir styrte aktivitetar, som turar, samlingsstund, forming og andre aktivitetar i forhold til alder på barna. Barn treng nye utfordringar som dei meistrar og dei lærer på ulike måtar og i ulikt tempo. Derfor må vi leggje til rette for varierte aktivitetar tilpassa alder, modningsnivå og interesser.

Omsorg

Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna og om barns omsorg for kvarandre. Vi kan ikkje jobba med omsorg isolert, det er noko som pregar alle sidane i kvardagslivet og skal komma til uttrykk når barn leikar, lærer, i stellesituasjonar, måltida og påkledning.

Det ligg også mykje omsorg i å gje barn varierte utfordringar og meningsfylte aktivitetar. Vi vaksne må være lydhøyre, visa nærheit og ha evne og vilje til samspel. Vi må ha sjølvinnsikt, sjølvironi og være ydmyke i relasjonar.

For å fremje barns omsorg for kvarandre, vil vi støtte og gje dei ros for dei omsorgshandlingane vi ser dei gjer i kvardagen.

Danning

For å fremje danning skal personalet legge til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna. Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av.

Sosial kompetanse

Ofte seier ein at dei fem viktigaste ferdigheitene barn må meistre for å vise sosial kompetanse er:

Samarbeid

Sjølvkontroll

Sjølvhevdning

Ansvarleg

Empati

Det er balansen mellom alle disse områda som utgjer sosial kompetanse.

Ein viktig komponent i sosial kompetanse er empati, eller det å kunne føle med andre menneske og leva seg inn i deira situasjon. Dette krev at barn har kjennskap til og kunnskap om følelsar. I førskolealder er det viktig at barna får utvida ordforrådet knytt til følelsar slik at dei kan snakke om, forstå, sortere og handtere egne og andres følelsar.



Barns medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggja til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §§1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.

Å medverke handlar ikkje om at barn bestemmer kva ein skal ha på skjeva eller om ein vil skifte bleie eller ei. Det handlar om å ha moglegheit til – og å få lov til å påverke sin kvardag.

Barna veit at deira meining betyr noko og at dei blir tatt på alvor, sjølv om det ikkje nødvendigvis betyr at dei kan bestemma alt.

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg(Rammeplan for barnehagen 01.08.2017 s 29)

Overgang barnehage - skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen(Rammeplan for barnehagen 01.08.2017 s34)

I år har vi 4 førskuleborn i barnehagen. Det vil bli førskule opplegg for desse borna. Bading i basseng på Hjelmeland vert det og gitt eit tilbod om, etter haustferien. På vårparten 2023, vert det førebuing til skulestart saman med Stølane barnehage på Erfjord skule.

Vi held på med å få laga ein eigen plan for overgang barnehage/skule i samarbeid med Stølane barnehage og rektor v/Erfjord skule, som då vil gjelda for dei borna som skal gå på Erfjord skule.

Praktisk informasjon

Smittefaren er stor i ein barnehage. Barnet må difor haldast heime når det er sjukt. Ein grei regel er at barnet må kunna følgja dagsrytmen i barnehagen.

Ved oppkast/diare må barna vera heime **minst 48 timar** etter at dei er symptomfrie. Dette for å unngå smitte på dei andre barna og personalet.

Ved feber anbefaler ein at borna får ein feberfri dag heima, før dei kjem i barnehagen.



Dersom eit barn vert sjukt i løpet av dagen tek barnehagen kontakt med føresette. Blir barnet akutt sjukt eller utsett for ulykke, tek me kontakt med legen, og kontaktar foreldra så fort som mogeleg.

Dersom barnet skal ha medisinar i barnehagen skal dette avtalast med personalet, og det skal fyljast ut eit skjema for medisinerings i barnehagen.

Tiltak for å unngå smitte

Vask av hender når ein kjem til barnehagen, før mat, etter mat, når ein ha vore ute og etter toalettbesøk.

Hygieneopplæring.

Pass på at alle brukar såpe.

Bruk av papirhandkle.

Klutar og handkle skal kun brukast på eit barn, deretter vaskast på kokevask.

På turar nyttar ein eingongsvaskeklutar eller sprit.

Klede og utstyr

Barna bør vere lett kledd innandørs. Til innebruk anbefaler vi tøflar.

Barna må alltid ha regntøy, anna yttertøy til å ha ute, støvlar/vintersko og ekstra skifte tøy i barnehagen, sidan vi er ute i allslags ver.

Klede og utstyr til barna må vere godt merka med barnet sitt namn.

Private leiker skal ikkje tas med i barnehagen.

FORSIKRING

Barna er forsikra i barnehagen, på direkte veg, til og frå barnehagen.

Barna er og forsikra under utflukter arrangerte av barnehagen.

Alle skader i barnehagen som må lege/tannbehandlast, skal meldast på eit eige skademeldings skjema som barnehagen har i sin HMS. Barnehagen har avtale med forsikringsselskapet Waco, kor vi melder inn skader. Foreldra får mail frå forsikringsselskapet når vi meldar inn skader.

Det er ein eigenandel på 500,- for utgifter i forbindelse med skader.

Forsikringa dekkjer ikkje briller som vert øydelagde i barnehagen.

Ferie

Alle barn skal i løpet av barnehageåret ha 4 veker ferie, 3 av desse skal være samanhengande.

Barnas bursdag

Då heng vi opp ein plakat med bilete av barnet på og heng opp flagg ute. Vi har samling der bursdagsbarnet vert «krona» med bursdagskrona som eit av personalet har laga og vi syng bursdagssong, sender opp rakett eller blåser ballong for barnet.

Bursdagsbarnet får velgje kva smoothie smak den ønskjer å ha som bursdagsfrukt den dagen.



Forventningar vi har til dykk foreldre/føresette

At de gir beskjed dersom andre enn mor og/eller far skal henta barnet i barnehagen.

At de held garderobeplassen og hylla ryddig og sjekkar kassen med byteklede.

At de gir beskjed til barnehagen om barnet ikkje kjem.

At barnet vert levert i barnehagen innan klokka 9.00.

At barnet har med seg klede, og utstyr til all slags vær. NB!! HUGS Å MERKE KLEDA!

At de respekterer opningstidene, som også er arbeidstida til personalet.

At de les orienteringar og skriv som blir sendt heim og/eller hengt opp på tavla i barnehagen.

At de gjer oss tilbakemeldingar dersom det er ting de opplever bra eller dårleg. Berre då kan me gjera noko med det. Fokusere meir på det som er bra, og finne andre løysingar på det som ikkje er så bra.

At de ikkje legg ut bilde tatt i barnehagen på eiga Facebook side.

At de ikkje filmar i barnehagen.

At bildar de tek i barnehagen berre er av eigne barn.

At de unngår å snakka i mobilen ved levering og henting av barna.

Når det er arrangement i barnehagen og de foreldre vert invitert, er det de som har ansvar for dykkar barn når de er på besøk i barnehagen.

Opningstida i barnehagen

Barnehageåret fylgjer skuleruta til Hjelmeland Kommune

Den normale opningstida til barnehagen er frå 7.30-16.15 fem dagar i veka.

Utover dette må det søkjast spesielt, da må begge føresette starte på jobb før barnehagens ordinære opningstid. Ved søknaden skal det leggjast ved arbeidsturnus som gjeld begge føresette.

DET **MÅ** BEREKNAS TID TIL HENTING!

